

TIL DEG PÅ UNGDOMSTEGET

01.06.2022

Du kan klage på standpunktakarakterane du får på ungdomsskulen.

Dei fleste standpunktakarakterane får du på slutten av 10.trinn.

I nokre fag kan du få standpunktakarakter tidlegare, slik som i valfag og mat og helse. Kva er ein standpunktakarakter? Ein standpunktakarakter er den avsluttande karakteren du får i faget. Standpunktakarakteren skal vise den samla kompetansen du har i faget. Det er standpunktakarakteren som kjem til å stå på vitnemålet ditt frå ungdomsskulen.

Dersom du ønskjer å klage på standpunktakarakter:

- Klage på standpunktakarakter sender du til skulen din. Fristen for å klage er 10 dagar.
- Dersom du ønskjer å vite kvifor du har fått karakteren din, kan du be om grunngiving, før du klagar. Fristen for å be om grunngiving er 10 dagar. Når du har fått grunngivinga, har du 10 dagar frist til å sende klage.
- Klagen må vere skriftleg og underskriven av deg eller dine føresette. Er du under 15 år må føresette samtykke til klage.
- Skriv kvifor du klagar.
- Klagebehandlinga kan føre til at karakteren blir ståande, karakteren blir sett opp eller at karakteren blir sett ned.

Kva gjer Statsforvaltaren i saka? Dersom du klagar på standpunktakarakteren, vil Statsforvaltaren sjå på om skulen har følgt reglane som gjeld for karakterfastsetjing.

Du finn meir informasjon om dette her: [Behandling av klager på standpunktakarakterer i fag \(udir.no\)](https://udir.no)